

922970211

TINA KVAMME GARSDRIFT

Mobilnummer

901 46 521

E-postadresse

torgeirandvik@gmail.com

Kontonummer **** * 54209

Vedtaksdato

04.09.2023

Vedtaket er gjort av

Alver kommune

Søknadsdato

03.08.2023

Vår referanse

2023/5927, Agros 241443

Vedtak om avvisning av søknad om tilskot til tiltak i beiteområde – Organisering og overvåking av beitedyr i utmarka på Vike GBNR 219/2

Samandrag: Alver kommune har gjort vedtak om å avvise søknaden.

Alver kommune viser til søknad av 03.08.2023.

Bakgrunn

Foretaket TINA KVAMME GARSDRIFT søkte om tilskot til tiltak i beiteområde den 03.08.2023. De har gjeve eit samla kostnadsoverslag for tiltaket på 82 920 kroner.

Grunngjeving for vedtaket

Formålet med tilskot til tiltak i beiteområde er å legge til rette for best muleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda jf. forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder § 1.

Vi viser til søknad om organisering og overvåking av beitedyr i utmarka på Vike. Kommunen har vurdert tiltaket i henhold til investeringsmidler til organisert beitebruk (OBB) forskriften, og "Tiltaksstrategi for bruk av OBB midler for perioden 2021-2023.

Det er positivt tiltak, men denne søknaden oppfyller dessverre ikkje vilkårene for ordninga OBB. For å kunne søkje på ordninga må beitebrukar organisere seg i beitelag. Beitelaga må ha organisasjonsnummer og være godkjent av statsforvaltaren for å søkje tilskot.

Beitelag kan søkje tilskot for beiting med sau, geit eller storfe som ikkje er i laktasjon. Lag for utmarksbeite skal ha minst 3 medlemmer med minst 150 småfeeiningar (1 storfe = 10 geiter = 10 sauer). Lag for innmarksbeite skal ha minst 2 medlemmer og 100 småfeeiningar.

På grunn av dette, Alver kommune har vedtatt å avvise søknaden. Me oppfordrer søkjaren for å søkje på SMIL- ordninga (Spesielle Miljøtiltak i Jordbruket)

Klagerett

De kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at de har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. De kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Med helsing
Alver kommune